



Austevoll kommune
Kommunehuset
5392 STOREBØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Austevoll kommune, budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Austevoll kommunestyre har i møte 16.12.2021, sak 142/2021, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 – 2025. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Austevoll kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Bustadsosialt arbeid

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren. I forsøksperioden er Husbankens rettleiingsoppgåver overført til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber derfor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innanfor det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Det er budsjettert med positive netto driftsresultat i heile planperioden, og kommunen har framleis god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine. Skatteinntektene ligg godt over snittet for landet, og kommunen har opparbeidd seg eit disposisjonsfond som gir kommunen handlingsrom til eigenfinansiering av investeringar og til uføresette hendingar.

Låge investeringar dei siste åra i perioden gjer sitt til at gjeldsgraden blir redusert, og kommunen er nærmare måloppnåing også på dette området. Med tanke på eit stigande rentenivå er dette bra.

Det er òg positivt at måltal og budsjettdokument vert brukte aktivt i økonomistyringa i kommunen.



Budsjett 2022

Budsjettet er vedteke i balanse med eit positivt netto driftsresultat på om lag 14 mill. kroner. Dette utgjør 2,75 prosent av brutto driftsinntekter og ligg godt over det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Mindreforbruket skal avsetjast til disposisjonsfond. Det budsjetterte resultatet ligg litt under fjorårets resultat som vart på 14,8 mill. kroner, og utgjorde 3,1 prosent av brutto driftsinntekter. Snittet for landet (ekskl. Oslo) er på 4,2 prosent for 2021.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) er noko lågare i budsjettet enn det som no er innlagt i KS-prognosemodell, etter RNB og med oppdaterte folketal. Folketalet er stabilt eller svakt stigande og utgjør ein auke på 0,13 prosent siste året.

Sett bort frå inntekts- og formueskatt, kan vi ikkje sjå at det er andre budsjetterte sentrale inntekter der det er vesentlege endringar frå 2021. Inntekter frå Havbruksfond er lagt inn med 20 mill. kroner for 2022.

Disposisjonsfondet utgjør om lag 126 mill. kroner ved utgangen av 2021 og utgjør 23,6 prosent. Dette ligg godt over det tilrådde nivået frå TBU.

Kommunen har vedteke investeringar i anleggsmiddel på brutto 167,8 mill. kroner. I tillegg skal ein nytte 8 mill. kroner løyvd frå tidlegare prosjekt, slik at samla investeringar vert 175,8 mill. kroner. Dette skal finansierast med bruk av samla lånemidlar på 53,67 mill. kroner, der 45,6 mill. kroner utgjør nytt låneopptak. I tillegg kjem mva-kompensasjon, spelemidlar, tilskot frå andre og bruk av fond. Dei største investeringane er til storhall i Austevoll, oppgradering Storebøvegen, Bekkjarvik bufellesskap og Austevoll ungdomsskule. Det er budsjettert med ein auke i renteutgiftene på om lag 2,1 mill. kroner for å dekke inn årets låneopptak.

Den langsiktige gjelda til kommunen utgjorde 114,3 prosent av brutto driftsinntekter i 2021. Gjennomsnitt for landet (ekskl. Oslo) utgjorde 114,9 prosent, slik at Austevoll ligg om lag likt med landsgjennomsnittet i 2021. For 2022 er det budsjettert med ei langsiktig gjeld som utgjør om lag 125 prosent av brutto inntekter. Netto renteeksponert gjeld utgjør 67,4 prosent ved utgangen av 2021, jamfør Kommuneproposisjonen for 2023.

Økonomiplan 2022 – 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I planperioden er det budsjettert med positive netto driftsresultat kvart år i åra 2023 – 2025. Resultata er budsjettert til 13,8 mill. kroner i 2023 og om lag 13,5 mill. kroner dei siste to åra. Dette utgjør mellom 2,62 og 2,42 prosent av brutto driftsinntekter. Resultata er tenkt avsett til disposisjonsfond.

Sum investeringar dei tre siste åra i perioden er samla budsjettert til 44,5 mill. kroner. Den største investeringa her er til Storebø skule i 2023, og deretter er det mindre opplåningar dei to siste åra. Samla låneopptak dei tre siste åra utgjør om lag 29 mill. kroner. Med dei budsjetterte rente- og avdragsutgiftene som er lagt inn i driftsbudsjettet, vil lånegjelda verte redusert ved utgangen av perioden. Slik dette er budsjettert i investeringsbudsjettet no vil gjelda utgjere om lag 612,5 mill. kroner og utgjere om lag 110 prosent av brutto inntekter ved utgangen av perioden.



Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Austevoll kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Disposisjonsfondet skal utgjere minimum 13 prosent av samla inntekter
- Netto driftsresultat på 1,75 prosent
- Gjeldsgrad på 90 prosent av samla inntekter

Kommunen ligg høgare enn måлтаlet på netto driftsresultat alle åra i perioden. Det ligg ikkje ved tabell for avsetning til eller bruk av disposisjonsfond, men det er orientert om at nettoeffekten vil vere at disposisjonsfondet vert redusert med om lag 26 mill. kroner i løpet av perioden. Dette betyr at ein òg er måloppnåande på disposisjonsfondet ved utgangen av perioden.

Trass i låge investeringar dei to siste åra i perioden vil ein ikkje oppnå måлтаlet for gjeldsgrad i inneverande periode, sjølv om samla gjeld blir redusert.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har framleis god økonomi til å yte tenester til innbyggjarane sine. Skatteinntektene ligg godt over snittet for landet, og kommunen har opparbeidd seg eit disposisjonsfond som gir kommunen handlingsrom til eigenfinansiering av investeringar og til uføresette hendingar.

Låge investeringar dei siste åra i perioden gjer òg sitt til at gjeldsgraden blir redusert, og kommunen er nærmare måloppnåing også på dette området. Med tanke på eit stigande rentenivå er dette positivt.

Budsjett- og økonomiplandokumentata gir orientering om kvart tenesteområde. På sikt kan dei kanskje også vise mål og utviklingsoppgåver for kvart av tenesteområda der dette er utarbeidd. Det er og greitt å ta med tabell over inneståande, avsetning til, og bruk av, disposisjonsfond for kvart av åra i perioden.

Det er positivt at måltal og budsjettokumentet vert brukt aktivt i økonomistyringa i kommunen. Vidar er det positivt at kommunen er aktiv med førebyggjande arbeid, spesielt knytt opp mot satsinga «Leve heile livet».

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent